

Signe Nilssen – Gruppe C

Foreslått av Anna Polster



Foto: Frode Ims

Eg stiller til val i fakultetsstyret fordi eg er opptatt av universitetsdemokratiet, og av å ha høve til påverke korleis vi legg til rette arbeidskvardagen for dei som arbeider med det viktigaste oppgåvene ved universitetet – utdanning og forskning.

Eg meiner at vi styrkar demokratiet gjennom å skape mindre avstand mellom nivå og avdelingar i organisasjonen. Om vi aukar kunnskapen vi har om kvarandre, blir det lettare å forstå korleis vi skapar godt samarbeidsklima og felles lagånd. Derfor er det òg viktig at vi opprettheld dagens samansetjing av fakultetsstyret og ikkje reduserer talet på medlemmar.

For å levere forskning og utdanning på høgt nivå er det viktig med eit godt administrativt støtteapparat som deler ønsket om å skape gode arbeidsvilkår for både studentar og tilsette. Dette gjeld særleg i ei tid der handlingsrommet blir påverka av trongare økonomiske rammer. Derfor vil eg gjerne arbeide for ei styrking av det administrative samarbeidet på tvers av institutta og fakultetet slik at høvet til å yte god sørvis og støtte til studentar og vitskaplege kollegaer blir mindre sårbart ved nedbemanning og sjukdom.

Vidare er det viktig å legge til rette for personleg og profesjonell utvikling og kompetanseheving i dei teknisk-administrative stillingane våre. Dette både for å behalde kompetente og motiverte kollegaer i organisasjonen, men òg fordi vi då i større grad legg til rette for at gode idear kan bli utvikla og sett ut i livet.

Med meg inn i vervet i fakultetsstyret har eg erfaring frå mange år som studieleiar og studiekonsulent ved mangfaldsinstituttet LLE, eitt år som prosjektleiar i Fellesadministrasjonen for UiB Fram der eg arbeidde for gode forskingsvilkår ved universitetet, og ein tidlegare periode i fakultetsstyret (2017-2021).

Eg vil, som representant, legge til rette for at alle i gruppe C skal få høve til å uttale seg om fakultetsstyresakene før møta.

Signe Nilssen – Group C

Suggested by Anna Polster



Photo: Frode Ims

I am running for election to the faculty board because I care deeply about university democracy and about having the opportunity to influence how we shape the everyday work environment for those who carry out the university's most important tasks – education and research.

I believe we strengthen democracy by reducing the distance between levels and departments within the organization. By increasing our knowledge of each other, it becomes easier to understand how we can foster a good collaborative climate and a shared team spirit. That is why it is also important to maintain the current composition of the faculty board and not reduce the number of members.

To deliver high-quality research and education, it is essential to have a strong administrative support system that shares the goal of creating good working conditions for both students and staff. This is especially important in times when our room for action is affected by tighter financial constraints. Therefore, I would like to work towards strengthening administrative collaboration across departments and the faculty, so that our ability to provide good service and support to students and academic colleagues becomes less vulnerable to downsizing and illness.

Furthermore, it is important to facilitate personal and professional development and skills enhancement in our technical-administrative positions. This is not only to retain competent and motivated colleagues within the organization, but also because it enables us to better develop and implement good ideas.

I bring to the role experience from many years as Head of Studies and student advisor at the diverse department LLE, one year as a project manager in the Central Administration for UiB Fram where I worked to improve research conditions at the university, and a previous term on the faculty board (2017–2021).

As a representative, I will work to ensure that everyone in Group C has the opportunity to express their views on faculty board matters before meetings.